

Årsmelding 1976

Det styret som vart valt på siste årsmøte var:

Dagfinn Sande (formann), Per Strømsnes, Bjarne Hide, Arnvald Bringsvor, Gunn Elde, Nelli Eltvik og Inge Skare.

I året 1976 har ein i alt hatt 5 styremøter.

Den største saka vi har hatt framme på styremøta er planane om idrettsplassen. Det vart sendt søknad til Sande kommune om å få idrettsplassen i Oshaugane. Svaret var positivt, så ein reknar med å få starte planering av bane i løpet året.

Aktivitetane var i året som gjekk ikkje så mange, men ein fekk i gong trening for jentene og det var nytt for året. Elles har gutelaget i fotball vore i aktivitet.

Så vart det årlege terrengløpet arrangert her på Sandsøya 23. mai. Det var godt frammøte frå heile Sande.

På Åram vart det 9. mai arrangert terrengløp. Vi hadde med 8 deltakarar og ein må sei dei plasserte seg jamt bra.

Så var vi så dristige at vi sende eim representant til Akslaleikane 13. juni. Når ein tek treningsforholda i betraktning må ein også her sei plasseringane var bra. Ein må hugse at deltakarane var mange.

Vi vonar at det kan verte mogleg å delta i fleire liknande løp i åra som kjem, for innbydingane er mange. Så kan vi opplyse at det er bestilt treningsmateriell til friidrettsgruppa gjennom Sunnmøre friidrettskrets. Det som først og fremst manglar er vilje og interesse til å ta seg av ungane i treningar til t.d. førebyggjande konkurransar.

Så vonar vi til slutt at det nye styret vil verte litt meir aktive enn det gamle.